

# Kulturtilbod for barn og unge i Skåbu/Espedalen

## Årsplan og -budsjett 2017



Utsnitt frå billedveven "Eddakvede" av Unn Virik. Skåbu har navnet sitt etter den norrøne gudinna Skade. Du ser henne på ski og med pil og bue øverst. I forgrunnen driver ektemannen, guden Njord, med garnfiske.

## 1. Styringsgruppa

Styringsgruppa består i 2017 av disse medlemmene:

Solveig M. Huse:	kursansvarlig
Eldri Ekre :	kursansvarlig
Ola Veslum:	kursansvarlig
Målfrid Maurstad:	kursansvarlig
Mette Musdalslien:	skolekontakt
Turid Gillebo:	kasserer, kontaktperson kommunen
Jørgen Varpestuen:	representant for barn og unge

## 2. Kulturtilbod 2017

I år planlegges disse kulturtilbodene:

### 2.1. Animasjonsfilmkurs.

Dette er kurset for dei som er glad i film, foto og teikning. Vi set opp eit kurs i å lage teiknefilm.

Kurset blir haldt av filmskapar Inger Christine Årstad. Hun hadde tilsvarande kurs i 2016, men har meir å lære bort til både born som var med sist år og nye born. Hun har med seg kamera, teiknepapir, fotoutstyr og redigeringsutstyr.

Kurset vil gå langhelga 19. – 22. oktober 2017.

Aldersgruppe frå 1. klasse og oppover.

### 2.2. Keramikk-kurs.

Kurshaldar blir Nina Andrea Standerholen. Ho driv eiga keramikkverkstad på Vinstra – Pottetett Keramikkverkstad.

Barna kjem til å lære ulike teknikar alt frå dreining, skulptur og til å lage koppar og bollar av ulike slag. Dei kjem også til å jobbe med overflatebehandling som avtrykk, måling og glasering. Om vêret tillèt det, vil Nina ta med seg borna på ei brennemetode som heiter «obvara» - dvs. brenning ute i gassomn til 900 grader der ein senkar gjenstandane ned i ei blanding av vatn, mjøl og sukker.

Kurset vil haldast over to helgar hausten 2017.

Aldersgruppe: 1 klasse og oppover.

### **2.3 Garnfiske og otering.**

Fiske har alltid vore ein viktig del av kulturen i fjellbygdene Skåbu og Espedalen, og sjølvsgatt også matauke. Fisket i Vinstervatna var vidgjeten og tiltrekk seg også utanlandske turistar helt tilbake til 1800-tallet.

Det er fleire år sidan sist vi arrangerte fiskekurs. Fleire unge har nå ytret ønske om å ha et kurs igjen.

I haust leggjast det opp til ein overnattingstur med garn og oter fiske ved Nausterlona.

Instruktørar blir Håvard Wangen og Åge Ekre.

Garnfisket er for 4.-10.klassinger.

### **2.4. Teaterkurs**

20 april – 15. juni. Kurset vil gå ein kveld i veka i 8 veker. Kurshaldar her vil vere Anna Ree. Ho er utdanna innan teater. Ho vil jobbe med mime, drama, rollespel, dans, stemmebruk og rytme/musikk. Barna vil lære drama gjennom lek i grupper, rørslefantasi, enkel improvisasjon og felles refleksjon. Skodespel er eit handverk for å vekkje nysgjerrigheit til å utforske, gjenkjenne, forstå og identifisere seg med situasjonar og karakterar. Det tyder å øve innleving, trene førestellingsevne og bruke historieforteljing. Barna skal sjølve vere med å bestemme om dei vil avslutte med ei visning for publikum.

Kurset er for 1. - 10.klassingar på torsdagar.

### **2.5. Tresløyd.**

I Skåbu og Gudbrandsdalen er det lange tradisjonar med trearbeid. Dette er dessverre noko som ser ut til å «døy ut» - sakte, men sikkert. Dette har tidlegare vore veldig populære kurs. Fleire barn har ytra ønske om eit nytt kurs i tresløyd.

Deltakarane vil bli delt i to grupper etter alderstrinn. Dei eldste vil få prøve seg med litt meire krevjande verktøy enn dei yngste. Barna vil få innføring i enkle teknikkar. Temaet på dette kurset er lysestake/lampefot. Sløydsalen på Skåbu Oppvekst vil bli brukt.

Kurset er meint å vare fem kveldar.

Kurshaldar er Ola Veslum og Rune Haugen.

Kurset startar i midten av april, på onsdagar.  
Kurset er frå 1. klasse og oppover.

## **2.6 Lefse- og stompbaking**

Lefsebaking er ein gammal tradisjon som er i ferd med å døy ut. Viktig at denne tradisjonen kan bringast vidare. Vi vil setje opp eit kurs ei helg i november.

Lokal kurshaldar frå Skåbu/Tverrbygda vil bli brukt. Deltakarane kan vere frå og med 1. klasse og oppover.

## **3. Fellesavslutning**

Som tidlegare år, ønsker vi å samle trådane på slutten av året med ei fellesavslutning for alle barn, unge og instruktørar som har deltatt på ulike kulturtilbod. Det er eit mål i seg sjølv at kulturtilboda skal munne ut i noko, og det er av verdi for barna og ungdommane å vise dette fram for andre. Foreldre og andre set også pris på å sjå kva barna og ungdomane har fått ut av kulturtilboda. I ei felles avslutning får vi også fram spennvidda i alt det kultur kan vere.

Fellesavslutning vil vere i slutten av november 2017.

## **4. Årsbudsjett 2017**

Styringsgruppa viser til vedtaket i sak 004/12, der HOK bad om at det blir utbetalt "å-konto beløp på starten av året ved framlagt aktivitetsplan". Styringsgruppa ber, med grunnlag i denne årsplanen og årsbudsjettet under, om at det kommunale tilskotet blir overført til vår konto nr. 2095.48.22169.

Budsjett er vedlagt neste side.

## BUDSJETT 2017

### KULTURTILBUD BARN OG UNGE I SKÅBU/ESPEDALEN 2017

**KURS:****Animasjonsfilmkurs**

Honorar	40000
---------	-------

---

Totale utgifter animasjonsfilmkurs	40000
------------------------------------	-------

---

**Keramikk kurs**

Honorar	9000
---------	------

Reiseutgifter og diett	3000
------------------------	------

Materialer	4000
------------	------

---

Totale utgifter akrobatikk	16000
----------------------------	-------

---

**Garnfiske og otering**

Honorar kursledere	6500
--------------------	------

Div utgifter	2000
--------------	------

Leie hytte	800
------------	-----

---

Totale utgifter buemakerkurs	9300
------------------------------	------

---

**Teaterkurs**

Honorar kursledere	12000
--------------------	-------

Diverse utgifter	2000
------------------	------

---

Totale utgifter gitarkurs	14000
---------------------------	-------

---

**Tresløyd**

Honorar kursledere med hjelper	13000
--------------------------------	-------

Grunnmaterialer	3000
-----------------	------

---

Totale utgifter tresløyd	16000
--------------------------	-------

---

**Lefsebaking**

Honorar kursledere	5000
--------------------	------

Råvarer	2000
---------	------

---

Totale utgifter matkurs	7000
-------------------------	------

---

2500

Forsikring alle kurs			
Fellesavslutning alle kurs			7500
Administrasjonskostnader			7500

**SUM**  
**KOSTNADER:** 119800

---

**INNTEKTER**

Kommunale tilskudd 100000

Elevinnbetaling:

Animasjonsfilmkurs	5	550	2750
Keramikk	8	550	4400
Teaterkurs	8	550	4400
Garnfiske/otring	5	350	1750
Treløyd	8	550	4400
Lefsebaking	6	350	2100

Sum elevinnbetalinger 19800

---

**SUM INNTEKTER:** 119800

---